

BACHELOROPPGÅVE

Autisme og kommunikasjon

av

Irmelin Østerbø Fimreite

Vernepleie
VE 530 101
2006



AUTISME

OG

KOMMUNIKASJON



INNHALDSLISTE

1.0	Innleiing	s.1
1.1	Oppbygging av oppgåva.....	s.2
2.0	Litteraturstudie og deltakande observasjon.....	s.3
3.0	Kva er autisme.....	s.5
3.1	Sosiale dugleikar.....	s.7
3.2	Begrensingar av aktivitetar og interesser.....	s.7
3.3	Kommunikasjonsvanskar.....	s.8
4.0	Kva er kommunikasjon.....	s.9
4.1	Problem som kan oppstå med den lineære kommunikasjonsmodellen.....	s.10
5.0	Kommunikasjonshjelpemiddel.....	s.12
5.1	Piktogram.....	s.12
5.2	Teiknspråk.....	s.13
6.0	Korleis fungerer piktogram og teiknspråk utifrå kva som er viktig i arbeid med ein autist	s. 14
6.1	Sosiale dugleikar i forhold til kommunikasjonstrening.....	s. 14
6.2	Begrensa interesseområde i forhold til kommunikasjonstrening	s. 16
6.3	Kommunikasjonsvanskar hjå autistar i forhold til kommunikasjonstrening.....	s. 16
7.0	Korleis fungerer piktogram og teiknspråk utifrå kva som er viktig for å få ein god kommunikasjon	s.17
7.1	Sendaren får formidle budskapet.....	s.17
7.2	Mottakar skjønner budskapet.....	s.18
8.0	Oppsummering.....	s.20
9.0	Vidare progresjon for teiknspråk og piktogram.....	s.22

Litteraturliste

Vedlegg 1

Vedlegg 2

1.0 INNLEIING

Det er 10 av 10.000 som har diagnosen autisme (Peeters, 1999). Å jobbe med autistar kan vere ei stor utfordring for fagpersonalet fordi dei har problem på ulike område. Eit av dei største problema autistar har er kommunikasjonsvanskar. Ca 50% av dei som har diagnosen har lite språk eller ikkje språk i det heile (Peeters, 1999). Desse er derfor avhengige av alternativ kommunikasjon. Det finst ulike kommunikasjonshjelpemiddel som ein kan nytte for at autistar skal kunne kommunisere med andre. Det er viktig å kjenne til alternativ kommunikasjon som vil egne seg for ein autist slik at ein på best mogleg måte kan legge tilhøva til rette for dei.

To kommunikasjonshjelpemiddel som vanlegvis vert nytta av autistar er piktogram og teiknspråk. Piktogram er eit kommunikasjonshjelpemiddel som er mykje brukt i kommunikasjonstrening for autistar. Det viser seg å vere effektivt og det er enkelt å lære (Tetzchner og Martinsen 2002). Teiknspråk er eit kommunikasjonshjelpemiddel som blir meir og meir brukt i forhold til autistar. Med teiknspråk har ein eit vidt spekter å kommunisere med sidan teiknspråk består av så mange teikn (Martinsen og Siverts, 1990) Men kva er enklast og kva er best for ein autist å lære av piktogram og teiknspråk? Det vil vere både fordelar og ulemper med begge kommunikasjonshjelpemidla. I denne oppgåva vel eg å belyse ulike sider ved piktogram og teiknspråk i kommunikasjonstrening for autistar. Dette er viktig fordi ein på best mogleg måte skal kunne legge til rette for at autistar skal kunne formidle det dei ynskjer.

Autisme er eit tema som interesserar meg. Eg har jobba med både godt fungerande og dårleg fungerande autistar. Det er spanande og utfordrande å jobbe med autistar sidan dei har problem på ulike område. I arbeidslivet vil eg mest truleg møte personar med denne diagnosen og det er viktig å ha kunnskap rundt problema deira. Kommunikasjon er sentralt i formidling av meiningar og kjensler, dette har med livskvalitet å gjere.

Problemstillinga mi vil derfor sjå slik ut:

”Korleis fungerer piktogram i forhold til teiknspråk i kommunikasjonstrening for autistar utan verbalt språk?”

Eg har også stilt meg desse spørsmåla som er relevante for å kunne besvare oppgåva mi

- Kva er autisme?

- Kva er kommunikasjon og korleis fungerer den lineære kommunikasjonsmodellen?
- Kva er teiknspråk og kva er piktogram?
- Korleis fungerer piktogram og teiknspråk utifrå kva som er viktig i arbeid med ein autist?
- Korleis fungerer piktogram og teiknspråk utifrå kva som er viktig for å få til god kommunikasjon?

1.1 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er delt inn i ein teoridel og ein drøftingsdel. I teoridelen tek eg for meg kva autisme er. For å kunne sjå samanheng mellom kommunikasjonshjelpemidla og autisme er det viktig å ha kunnskap om autisme og kjenne til problema rundt denne diagnosen. Her vil eg ta for meg dei tre største problema rundt autistar; sosiale dugleikar, begrensningar av aktivitet og interesser samt kommunikasjon. Deretter skal eg greie ut om kva kommunikasjon er ved å ta for meg den lineære kommunikasjonsmodellen. For å kunne vurdere kva kommunikasjonstrening som er best egna må ein ha kunnskap om kva kommunikasjon er og kva som er viktig for å få til god kommunikasjon.

Eg vil vidare definere kva piktogram og teiknspråk er for å få forståing av kva desse kommunikasjonshjelpemidlane går ut på, og for seinare å kunne vurdere desse i forhold til både autisme og den lineære kommunikasjonsmodellen.

Deretter kjem drøftingdelen. Der vil eg først ta for meg piktogram og teiknspråk i forhold til diagnosen autisme. Eg vil drøfte hjelpemidla innanfor dei tre største problema som autistar har; sosiale dugleikar, begrensa interesseområde og kommunikasjonsvanskar. Vidare vil eg drøfte piktogram og teiknspråk i forhold til den lineære kommunikasjonsmodellen. Her belyser eg problemstillingane rundt overleveringa av eit budskap frå avsendar til mottakar. Drøftningsdelen vil vidare omhandle kva som er best for autistar, piktogram eller teiknspråk. Deretter vil eg gjere ei oppsummering. Til slutt vil eg fortelje litt om korleis ein trur piktogram og teiknspråk vil verte brukt i framtida. Alt språk forandrar seg, - også den alternative kommunikasjonen.

Eg vil no komme inn på kva metodar eg har brukt i denne oppgåva for å komme fram til ei løysning på problemstillinga mi.

2.0 LITTERATURSTUDIE OG DELTAKANDE OBSERVASJON

Metode kan definerast som "En systematisk organisert måte å undersøke en årsakssammenheng på og/eller skaffe til veie kunnskapsdata, innsikt og forståelse" (Bø og Helle, 2002, s. 160)

Eg vel å bygge oppgåva mi på litteraturstudie og deltakande observasjon. Litteraturstudie vil seie at ein brukar litteratur som andre har forska på, slik som lærebøker og offentlege publikasjonar. For å innhente data som eg brukar for å belyse problemstillinga nytta eg sekundærdata. Sekundærdata vil seie at det ikkje er forskaren som har samla inn informasjonen direkte frå kjelda, men at han baserar seg på opplysningar som er samla inn av andre. Fordelen med dette er at det er tidssparande å sleppe innsamling av data. Nokre av ulempene er at informasjonen kan vere innhenta til eit anna formål enn det ein skal bruke den til. Ein veit heller ikkje kor truverdig denne kjelda er (Jacobsen, 2000).

Hovudkjeldene i denne oppgåva er Lidên (1999), Martinsen og Siverts (1990) og Theo (1999). "Lidên – Grafisk design av pictogram" får fram kva piktogram er og kva fordelar og ulemper denne kommunikasjonsformen kan ha. "Martinsen og Siverts – Tegntrening og kommunikasjon" viser korleis ein kan nytte teiknspråk i forhold til autistar og fordelar og ulemper med dette. "Theo – Autisme – Fra teoretisk forståelse til pædagogisk praksis" greier ut om kva autisme er og spesielt korleis kommunikasjon for autistar kan vere eit problem. Eg har også nytta Internett om dei emna som var vanskelege å finne i bøker. Informasjonen som ein finn på Internett er ikkje alltid like sikker så eg har brukt det minst mogleg.

Det er spesielt vanskeleg å finne bakgrunnen for kvifor desse to kommunikasjonsformene blir brukt i forhold til autistar utan verbalt språk. Det er generelt skrive lite bøker om dette. Eg fann derimot ulike sider på Internett som eg kontakta. www.pictogram.no var ei av sidene. Eg spurde om dei hadde informasjon om piktogram, kvifor det var oppretta og kor effektivt det er for autistar. Dei sendte meg boka Lidên. Der var det ein god del generell informasjon om piktogram. For å finne granskingar om kor effektivt piktogram og teiknspråk er for autistar utan verbalt språk sendte eg e-post til Autismeforeningen. Dei henviste meg vidare til ein skule i Oslo. Eg sendte e-post til dei for å få tak i granskingar eller evalueringar men fekk ingen tilbakemelding.

Dei sekundærdata eg har nytta i denne oppgåva har prega resultatet. Dersom eg hadde lagt vekt på anna informasjon eller funne andre kjelder, så ville kanskje resultatet vorte annleis.

Eg har ikkje brukt engelsk litteratur fordi det er vanskeleg å forstå. Dette kan ha påverka resultatet i oppgåva. Det er godt mogeleg at den informasjonen eg manglar ville stått i bøker skriva på engelsk. Nokre av bøkene eg har nytta er gamle. Informasjonen som står i bøkene kan vere forelda.

Deltakande observasjon er også ein metode eg har nytta i denne oppgåva. Deltakande observasjon vil seie at den som observerar deltar på lik linje med dei andre som han/ho granskar. Denne metoden går innanfor det ein kallar kvalitativ metode. Gjennom kvalitativ metode ynskjer ein nyanserte beskrivingar av korleis menneske forstår og tolkar ein situasjon og når vi har ein uklar problemstilling og har behov for eksploring. Undersøkinga kjem i form av ord og setningar som formidlar meining (Jacobsen, 2000).

I løpet av studiet har eg vore i praksis der eg har jobba med autistar utan verbalt språk. Den eine praksisen var i eit bufellesskap, den andre var med Vaksnehabiliteringa. Eg har på begge praksisplassane observert bruken av kommunikasjonshjelpemiddel overfor utviklingshemma og autistar. Eg utførte for det meste aktiv observasjon, det vil seie at eg var aktivt med i kvardagen til brukarane. Eg var med dei både i bustaden og på dagsenter. Eg såg at piktogram var mykje brukt, spesielt vart det aktivt nytta på dagsenter og skule meir enn det vart nytta heime i bustaden. Teiknspråk vart også nytta men eg såg mindre til dette enn piktogram.

Fordelen med deltakande observasjon er at eg får sjå korleis ting fungerer i det verkelege liv og eg vil få mange inntrykk. Det som kan vere ulempen er at eg berre ser korleis det er akkurat den plassen og ikkje korleis det er andre stader. Det er lett å dra konklusjonar ut av dette med at eg antar at det er slik alle stader. Sjølv om det kanskje er annleis andre stadar, vel eg å ta utgangspunkt i erfaringane og observasjonane eg har frå praksisplassane.

Eg har her tatt for meg dei metodane eg har brukt for å besvare problemstillinga. Eg vil no beskrive kva autisme er for å ha ein bakgrunn for drøftinga i denne oppgåva.

3.0 KVA ER AUTISME

”Autisme er en utviklingsforstyrrelse som rammer noen barn fra fødselen eller spedbarnsalderen og gjør dem ute av stand til å etablere normale sosiale relasjoner eller utvikle normale kommunikative ferdigheter” (Kaland, 2004 s. 15). Sjølve ordet autisme tyder sjølvisolering. Det kjem av at autistar har mangelfull deltaking i sosialt samspel. (Martinsen og Siverts, 1999).

I 1943 påviste Dr. Leo Kanner diagnosen autisme. Han samla 11 barn som var annleis enn andre men likevel hadde likehetstrekk med kvarandre (Sivertsen, 1989). Autismen blir definert som eit syndrom, det vil seie summen av ein rekke symptom som opptrer samstundes (www.autismeforeningen.no)

Det er 10 av 10.000 som har diagnosen autisme. Autismen er hyppigare hjå gutar enn jenter (Peeters, 1999).

Sjølve årsaka til autisme ser ut til å vise seg på eit nevrobiologisk nivå. Det er blitt påvist skade i hjernestammen, i lillehjernen og i tinning- og pannelappane. Det har også blitt påvist skade i det limbiske system, det vil seie det som styrer kjensle- og driftslivet og dei kroppslege reaksjonane i forbindelse med dette (Lindskog, 1998). Det er også blitt påvist avvik i nevrotransmittersystemer i hjernen, det vil seie signalsubstans som øverfører informasjon i synapsen (Lindskog, 1998). Forskninga på nevrobiologiske årsakar til autisme har framleis mykje arbeid framfor seg (Kaland, 2004).

Psykososiale faktorar eller spesielle opplevingar i barndommen forårsakar ikkje autisme (www.autismeforeningen.no).

Dei første teikna på autisme kan vere blikkfjernhet, manglande oppmerksomhetsretting, hørselsmessige problem og likegyldigheit til kroppskontakt (Bråten, 2004).

Diagnosesystemet DSM-III R visert til ein diagnosekriterie for autisme.

For å diagnostisere autisme må minst åtte av desse seksten kriteria nedanfor vere til stades, inkludert minst to av A, ein frå B og ein frå C.

A. Kvalitativ mangel i den sosiale interaksjon med andre som sjåast ved:

1. manglende forståing av at det finst andre menneske, eller at andre menneske har følelsar
2. søker trøst på avvikande måte
3. mangelfull imitasjon av andre
4. ingen eller avvikande sosial leik
5. alvorleg nedsett evne til å omgås jevnaldra

B. Kvalitative manglar ved verbal og ikkje-verbal kommunikasjon, samt i aktivitet som krev fantasi, som vist ved:

1. ingen form for kommunikasjon som babling, ansiktsuttrykk, bruk av gester, mimikk eller talespråk
2. klart avvikande ikkje-verbal kommunikasjon som augekontakt, ansiktsuttrykk, kroppsstilling eller bruk av gester for å ta initiativ til eller påvirke eit sosial samspel
3. mangel på aktivitetar som krev fantasi
4. klart avvikande uttale som inkluderar talevolum, stemmeleie, betoning, taletempo, rytme og intonasjon
5. klare avvik i talen si form eller innhald, inkludert stereotyp og gjentakande tale
6. klart nedsett evne til å starte og å føre ein samtale med andre, til tross for at talen i andre henseende er adekvat

C. Sterkt begrensa atferdsrepertoar og få interesser, som vist ved:

1. Stereotyp aktivitet som f.eks snurre på ting, dunke hovudet
2. Vedvarande opptatthet av gjenstandar eller avhengigheit til uvanlege gjenstandar
3. Klare negative reaksjonar ved forandring i trivielle aspekter ved det ytre miljøet
4. Urimelig krav om å få følge rutinar til minste detalje
5. Klart begrensa interesse, og overopptatthet av særinteresse

D. Vanskane viser seg i løpet av barnealderen

(Martinsen og Siverts, 1999)

Det er tre hovudproblem som kjenneteiknar autistar. Det er sosiale dugleikar, begrensingar av aktivitetar og interesser og kommunikasjonsproblem.

Kjenneteikn rundt autisme er med på å vurdere om det er piktogram eller teiknspråk som er mest hensiktsmessig i forhold til kommunikasjonstrening.

3.1 Sosiale dugleikar

Autistar manglar sosiale evner. Dei er ikkje i stand til å etablere normale sosiale relasjonar og dei vil ikkje kunne utvikle felles interesser og aktivitetar med jevnaldrande. Det kan ofte føre til ekstrem tilbaketrekking frå det sosiale liv, dei trekkjer seg tilbake til selvet (Kaland, 2004).

Autistar manglar evne til å ta andre sitt perspektiv og forstår ikkje at andre sine oppfatningar kan vere forskjellige frå deira egne. Eit klassisk døme på dette er eksperimentet med dropsøskja. Ei dropsøskje er fylt med steinar i staden for drops. Dei fleste autistar vil då tru at alle andre forstå at det er steinar i den sidan autisten sjølv veit dette. Eit døme i dagleglivet kan vere at ein autist kler seg i dongeribukse og fjellsko i selskap. Sidan autisten synest det er greit trur han at alle andre også synest det er greit (Kaland, 2004).

Dette viser seg også i at autistar har vaskar med å forstå samanhengar når det gjeld gjenstandar. Dei ser ingen logikk i at gjenstandar som ser annleis ut enn det dei er vande med er same gjenstand. Døme på dette kan vere at ein stol er raud i staden for trefarga. Dei vil ikkje kunne skjønne at den raude stolen også er ein stol. Autistar har også problem med å forstå omgrepa liten og stor. På eit bord står det eit glas, ein melkekartong og ei teskei. Dersom ein spør om glaset er lite eller stort vil dei få problem. Glaset er lite i forhold til melkekartongen og stort i forhold til teskeia (Peeters, 1999)

Rutinar og forutsigbarhet er noko autistar er svært avhengig av. Det er viktig med faste rutinar kvar dag som at dei har måltid, sengetid og arbeidstid til same tid. Det er også viktig å planlegge dagen slik at autisten veit kva som kjem til å skje. Sett opp ein plan om kva som kjem til å skje i løpet av dagen slik at autisten veit kva som ventar. Dersom ikkje rutinane blir helde kan det føre til utagering (Kaland, 2004).

3.2 Begrensingar av aktivitetar og interesser

Stereotyp atferd og spesielle interesser er eit anna hovudkjenneteikn hjå autistar (Martinsen og Siverts, 1990). Stereotyp atferd vil seie gjentaking eller repetisjon av meningslause

handlingar (Bø og Helle). Døme på dette kan vere å gni hendene saman, snurre rundt i ring eller synge same sangen om og om igjen. Autistar har også spesielle interesser og er vedvarande opptatt av gjenstandar. Mange autistar er svært fasinert av lys og runde gjenstandar. Dette viser seg alt når dei er små, og det er eit av sjekkteikna for å finne ut om barnet har diagnosen autisme. Særinteresse for gjenstandar er også typisk for autistar. Det kan vere alt frå steinar til plastikk-gjenstandar (Martinsen og Siverts, 1990) I praksisperioden møtte eg ein autistisk gutt som var veldig fasinert av steinar. Det beste han viste var å gå i skogen å samle steinar. Men det var ikkje kva som helst slags stein han skulle ha. Dei skulle vere runde og ikkje spisse. Det var ikkje alltid like lett å få tak i slike steinar og då kunne dette i verste fall føre til utagering eller sjølvskading dersom han ikkje hadde nokon.

3.3 Kommunikasjonsvanskar

Ca 50% av menneske med autisme har lite eller ikkje verbalt språk i det heile (Peeters, 1999). Det er fleire årsaker til at autistar har vanskar med å kommunisere.

Autistar har mangel på gjensidig kontakt og merksemd. Frå dei er små avviser dei kroppskontakt med andre, også foreldra. Autistar har også lite eller ingen blikkontakt med andre. Dei blir ofte fjerne frå omverda og vanskelege å få kontakt med. Dette fører til at kommunikasjonen med ein autist er vanskeleg fordi autisten verkar fjern og ser ikkje på korleis den andre kommuniserar.

Autistar har vanskeligheter med å forstå gester. Vi har to ulike typar av gester, ekspressiv og instrumental gestus. Instrumental gestus er konkrete og har tydelig forbindelse mellom bilete og tydingen. Døme på dette er ”gå vekk” og ”stille”. Gestusen ”stille” blir vist med å ta peikefingen mot munnen. Ekspressiv gestus er ikkje konkrete men handlar meir om følelsar. Døme på dette kan vere ”vennskap” eller det å vere ”imøtekommande”. Gestusen for ”vennskap” kan vere at to personar held rundt kvarandre. I ein undersøkelse med autistiske barn og andre barn viste det seg at autistar ikkje hadde problem med å forstå instrumentell gestus. Men når dei kom til ekspressiv gestus forstod dei ikkje samanhengen (Peeters, 1999) Grunnen til dette er at autistar har vanskeligheter med å forstå følelsar. Dette har vist seg i ein anna undersøkelse. Autistiske barn og andre barn fekk ein mekanisk historie, ein adferdsmessig historie og ein mental historie som var teikna som ein teikneserie. Den mekaniske historia gjekk ut på at ein gut held ein ballong, mistar den og den sprekk i eit tre. Den atferdsmessige historia går ut på at ei jente har med seg pengar, går inn i ein butikk og

kjøper is for pengane. Den mentale historia går ut på at ein gut legg eit kakestykke i ei øske, ei dame kjem inn og tar den og guten kjem inn att og gaper når han ser at kakestykke er vekke. Autistar har ikkje problem med å forstå den mekaniske og atferdsmessige historia. Men den mentale historia skjønner dei ikkje. Ein open munn kan bety så mykje til dømes at ein er svolten eller at ein er trøtt (Peeters, 1999)

I kommunikasjon med autistar er det viktig korleis ein formulerer seg. For det første må ein tenke på at autistar tar alt bokstavelig, derfor skal ein ikkje bruke ironi (Peeters, 1999). Ei autistisk jente eg møtte i praksis skulle vere med på ein tur med nokre andre brukarar. Det viste seg å vere problem med transport. Ei i personalet sa til autisten ”Då får vi gå vi då” som ein spøk. Autisten blei veldig urolig og kvidde seg til turen fordi ho trudde personalet meinte at dei skulle gå heile vegen.

Peeters (1999) påpeikar også at det er viktig å ikkje gi to alternativ med verbal kommunikasjon. ”Skal vi gå tur i skogen eller skal vi køyre ein tur?”. Autisten vil svare det siste fordi han berre vil hugse dei siste orda.

Som nemt tidlegare er det ca halvparten av alle som har diagnosen autisme som har dårlig språk eller ikkje språk i det heile. Det viser seg forståelig nok i kommunikasjon. Dei vil ikkje kunne uttrykke ynskjer og behov på vanleg måte. Derfor er autistar utan språk avhengig av hjelpemiddel for å kunne kommunisere (Peeters, 1999).

Alle desse problema rundt autisme er med på å vurdere kva kommunikasjonstrening som er best i forhold til autistar utan verbalt språk. Eg vil no komme inn på kva kommunikasjon er og sjå på den lineære kommunikasjonsmodellen.

4.0 KVA ER KOMMUNIKASJON

Kommunikasjon blir definert som utveksling av signal mellom to eller fleire partar. Omgrepet kjem av det latinske ordet ”communicare” som tyder ”å gjere noko felles”. Kommunikasjon kan brukast om både individuelle samtalar, julekort, nyhetsformidling, telefon og datanettverk (Eide og Eide, 2000). Ein har mange ulike kommunikasjonsteoriar. I denne oppgåva er det den lineære kommunikasjonsmodell som gjeld. Grunnen til at det er den lineære kommunikasjonsmodellen som er nytta i denne oppgåva er at den er oversiktleg, anvendeleg og den enkelt å skjønne.

Lineær kommunikasjonsmodell består av tre ledd; ein sendar, eit budskap og ein mottakar (sjå vedlegg 1). Ein kan sende budskap både verbalt og nonverbalt. Ein kan forstå budskap ved kroppsspråk, tonefall eller teiknsystem. (Eide og Eide. 2001)

”Kommunikasjon er overføring av et budskap fra ett individ til et annet” (Gundersen og Moynahan, 1994, s. 9). Det vil seie at sendar sender ut signal eller budskap til omgivelsane som vert tolkar. Det kan vere kroppsspråk eller noko som vert sagt. ”Kommunikasjon er handlingar/atferd som utføres med en kommunikatív intensjon” (Gundersen og Moynahan, 1994, s. 9). Det vil seie at mottakar tolkar signala som vert sendt og mottakar handlar utifrå dette. Det fører til ein reaksjon. ”Kommunikasjon er en bevisst atferd/handling som besetår i at en person gir eller sender et budskap til en eller flere mottakere, som så bekreftiger at budskapet er mottat” (Gundersen og Moynahan, 1994, s.9). Det vil seie at mottakaren gir tilbakemelding på at budskapet er forstått.

Det er fleire dugleikar som blir brukt aktivt i kommunikasjon. Mellom anna sensitiv observasjon av ikkje verbal og verbal atferd blir brukt. Ein skal både lytte og sjå korleis den andre formidlar budskapet sitt i tillegg til å fokusere på innholdet. Empatisk fortolkning av hensikten til kvarandre blir også brukt i aktivitet i kommunikasjon. Det ein meiner med det, er positiv fortolkning av hensikten til kvarandre framfor mistenkeliggjering av negativ fortolkning. Positiv turtaking er ein anna dugleik i kommunikasjonen. Det vil seie at ein veit når ein skal vere stille når ein snakkar. Matching blir brukt aktivt i kommunikasjon. Det vil seie at mottakar og sendar tilpassar måtar dei formidlar budskapet i forhold til kvarandre, det vil seie tempo, tonefall osv. Form og innhald blir tilpassa slik at mottakaren har optimal moglegheit for å oppfatte budskapet er den siste dugleiken som vert brukt (Gundersen og Moynahan, 1994).

4.1 Problem som kan oppstå med den lineære kommunikasjonsmodellen

Det kan oppstå ulike problem i forhold til kommunikasjon etter den lineære kommunikasjonsmodellen. Eit problem kan vere at mottakar ikkje forstår at sendaren har til hensikt å kommunisere. Det vil seie at dersom sendaren brukar uklare signal, så kan det vere vanskeleg å tolke om signala har kommunikatív hensikt eller ikkje. Eit døme på dette kan vere at ein person ser på klokka. Vil han vite kva klokka er eller prøver han å seie at det er seint og at personen som er tilstades skal gå (Gundersen og Moynahan, 1994).

Eit anna kommunikativt problem kan vere at mottakaren ikkje forstår kva hensikt sendaren har gjennom kommunikasjonen sin. Eit døme på dette kan vere at ein person viser fram ein cd og mottakaren vil tru det er fordi den skal settast i cd-spelaren. Men mottakaren vil eigentleg vise at den er ny (Gundersen og Moynahan, 1994).

Det at sendaren sitt budskap ikkje blir forstått av mottakaren kan vere eit problem. Eit døme på dette kan vere at ein brukar faguttrykk eller slengord som kan vere vanskeleg for den andre å forstå (Gundersen og Moynahan, 1994).

Det kan også vere eit problem at sendaren sitt budskap er for svakt. Dette kan vise seg med oppmerksomhetsmangel, hørsel eller feil setting. Ein person gir ei oppfordring i lause lufta. Mottakaren vil ikkje oppfatte kva som blir sagt sidan budskapet ikkje blir gitt direkte til mottakaren (Gundersen og Moynahan, 1994).

Vidare, så kan sendar bruke ei anna form som mottakaren ikkje forstår. Eit døme på dette kan vere at ein snakkar forskjellig språk. Mottakar vil ha vanskar med å oppfatte kva som blir sagt sidan dei ikkje har same språk (Gundersen og Moynahan, 1994).

Mottakaren har nedsett eller manglane evne til å sanse budskapet er eit problem som kan oppstå i den lineære kommunikasjonsmodellen. Mange utviklingshemma har problem med sansane. Det er spesielt mange som har nedsatt hørsel. Dette vil gå utover det å forstå budskapet som sendaren sender (Gundersen og Moynahan, 1994).

Eit anna problem kan vere at mottakar har vanskar med å bearbeide budskapet. Dette går på bearbeiding av sanseintrykk. Budskapet blir gitt og 2 minuttar seinare har budskapet blitt gløymt (Gundersen og Moynahan, 1994).

Mottakar får for mange budskap på ein gang kan vere eit problem. Ein ber ein person hente noko i boda. Viss ein gir masse informasjon om kva han skal hente kan personen gløyme dette fordi det blir for mykje på ein gang (Gundersen og Moynahan, 1994).

For at kommunikasjonen skal bli forståeleg er det viktig å unngå desse problema som kan oppstå i kommunikasjon med andre. Eg skal no komme inn på kommunikasjonshjelpemiddel som skal drøftast i denne oppgåva; piktogram og teiknspråk.

5.0 KOMMUNIKASJONSHJELPEMIDDEL

Kommunikasjonshjelpemiddel blir definert som hjelpemiddel som personar brukar til å uttrykke seg. Målsettinga med kommunikasjonshjelpemiddel er at personen opplever å bli forstått, auka kjensler av meistring, moglegheit til å foreta val, auka tryggleik, moglegheit til sjølv å bestemme, færre frustrasjonar, betre oversikt over kvardagen og mindre atferdsavvik (Grindheim mfl, 1991).

Eg vil her ta for meg to kommunikasjonshjelpemiddel: Piktogram og teiknspråk. Piktogram går innanfor det Tetzchner og Martinsen (2002) kallar direkte val. Direkte val som kommunikasjonshjelpemiddel vil seie at brukaren peikar eller rører ved det grafiske eller materielle teiknet han vil formidle. Personen kan også flytte eit grafisk teikn som er valt til ein bestemt stad på ei kommunikasjonstavle. Teiknspråk er ei eiga gruppe for kommunikasjonshjelpemiddel.

5.1 Piktogram

Piktogram blei utvikla av Subhas C. Maharaj frå Canada i 1980. I ettertid er det spesielt Sverige som har vidareutvikla nye symbol (Marcussen, 1996). Piktogram blei utvikla for å bidra til å utvikle og utvide ordforrådet og omgrepsforståelse for barn og vaksne som treng støtte i utviklinga (Pictogram Veiledning, 1993). Piktogram blir mykje bruk i Noreg for kommunikasjon med personar utan språk. Frå å vere eit signalsystem heilt tilbake til 1200 f.kr. har det utvikla seg til å bli eit kommunikasjonshjelpemiddel (Robinson 1996). Piktogram står for; P – picture, I – ideogram, eit bilete som symboliserar ein ide og C – communication (Marcussen, 1996). Piktogram består av stiliserte kvite teikningar på svart bakgrunn (sjå vedlegg 2). Tydinga av teikninga står skrive med kvit skrift. For at biletet skal oppfattast fortast mulig bør kontrasten mellom figur og bakgrunn vere høg. Forskning viser at svart bakgrunn med kvit figur gir høgast kontrast, det vil seie at biletet blir lettast å sjå ved denne fargesamasetninga (Lidèn, 1999).

Det finst ca 1200 piktogram. Piktogramspråket har spreidd seg til alle verdsdelar men blir ikkje brukt i alle land. Det er ikkje utenkeleg at det ein dag skal bli eit verdspråk for personar

utan språk (Lidèn, 1999). Vi ser piktogram overalt i samfunnet. Piktogram kan vere vegskilt, eller blir brukt på offentlege stader som til dømes symbol for toalett, spisested osv (Marcussen, 1996). Piktogram er utvikla for at personar som har lite eller ingen tale skal kunne kommunisere. Ved hjelp av piktogram kan ein gjere seg forstått, formidle følelsar og ønsker, og ein kan kommunisere (www.pictogram.se).

Karen Margrethe Bay og Jonna Storgaard gjorde ei gransking i 1988 som viser at barn alt i låg alder kan lære seg teikn og symbol;

Foto frå 12-14 månader

Piktogram frå 14-18 månader

Bliss-symbol frå 18-22 månadar

(Marcussen, 1996)

Dette viser at det er mogeleg å lære barn med utviklingshemming dugleikar i bruk av piktogram alt i tidleg alder.

I byrjinga bestod piktogram av subjekt og verb og eit fåtal av adjektiv. Etter kvart ville ein ha meir spesifikke ord inn i systemet. Behovet for å skape meiningar og gi beskjedar kom. Skular og dagsenter kom med ønskje om å utvikle piktogram. Heimkunnskap på skulen ville ha piktogram for ulike krydder som til dømes pepper og salt. Dagsenter ønskte piktogram som veving, vedpakking osv (Lidèn, 1999).

5.2 Teiknspråk

Teiknspråk er eit system av teikn i form av naturlige, symbolske uttrykk med fingrar, hender, armar og andre delar av kroppen brukt i kommunikasjon (Bø og Helle 2002) Teiknspråk har tradisjonelt blitt bruk i forhold til hørselshemma, men dei siste åra har det blitt brukt meir og meir som kommunikasjonshjelpemiddel overfor utviklingshemma utan talespråk, deriblant autistar. Ein autist har ikkje evne til å lære like mykje teikn som ein som er hørselshemma. Derfor er det viktig å berre ha fokus på dei mest relevante teikna (Helgheim m.fl, 1988).

Målsetting med bruk av teiknspråk er å auke sjølvstendighet, at dei utfører teikn på eige initiativ, blir mindre avhengig av andre og kunne uttrykke valg i forhold til aktivitetar og ting (Martinsen og Siverts, 1990).

Det krev visse evner ved bruk av teiknspråk. Det krev visuell orientering og motorisk dugleikar og imitasjon. Merksemd er også viktig for at tolking av poenget skal bli rett (www.pecs.org.uk/html/norway.asp).

Eg har no belyst kva piktogram og teiknspråk er og vil no drøfte desse kommunikasjonshjelpemidla i forhold til diagnosen autisme og i forhold til den lineære kommunikasjonmodellen.

6.0 KORLEIS FUNGERAR PIKTOGRAM OG TEIKNSPRÅK UTIFRÅ KVA SOM ER VIKTIG I ARBEID MED EIN AUTIST

Autistar har ulike vanskar og ein må ta omsyn til dette i forhold til val av kva kommunikasjonstrening som er best for autistar utan språk. Autistar er som tidlegare nemnt avhengig av rutinar og struktur. Dei har i tillegg problem med å imitere, vanskar med å sjå samanhengar, dei er fjerne frå omverda, dei tek alt bokstavleg, har vanskar med å forstå gester og dei har avgrensa interesser. Alt dette må vere med i vurderinga kva som er den beste kommunikasjonstreninga av teiknspråk og piktogram i forhold til autistar utan verbalt språk.

6.1 Sosiale dugleikar i forhold til kommunikasjonstrening

Autistar er avhengig av rutinar og struktur i kvardagen. Piktogram er med på å skape struktur i kvardagen. For å skape oversikt i bruken av piktogram har ein noko som vert kalla planleggingstavle. Det er ei tavle som er delt inn i vekedagane, klokkeslett og gjeremål. Ein set opp klossar med piktogram over gjeremål i løpet av ein dag og kva klokkeslett det skal utførast. Ein har også noko som heiter piktogramklokke. Der kan ein sette inn klossar med piktogram slik at ein kan sjå kva tid ein skal gjere dei ulike aktivitetane. Forståing av vekedagane skjer ved at dei har ulike fargar for at ein skal hugse dagane betre; måndag er grønn, tirsdag blå osv (Pictogram veiledning, 1993). Dette har vist seg å gje gode resultat når det gjeld å hugse dei ulike dagane (Lidèn, 1999). Med teiknspråk har ein eigne teikn for kvar vekedag. Det viser at det er meir struktur over piktogram enn teiknspråk. Det å sette opp planleggingstavle gir ein god oversikt over kva dagen byr på. Med teiknspråk, derimot, brukar ein kroppsspråk for å kommunisere. Teiknspråk har ingen struktur eller rutinar på same måte som med piktogram. Det vil derfor vere til fordel for piktogram i kommunikasjonstrening.

Det kan vere problematisk for autistar å lære seg teiknspråk av den grunn at dei er dårlege til å imitere og ofte vegrar seg mot å la seg handlede i utføring av teikn. For å lære teikn må ein

lære frå ein annan og klare å kopiere det den andre gjer. Når den som skal lære har problem med dette vil det vere vanskeleg å lære seg teikn. Piktogram derimot er eit bilete, og ein treng ikkje imitere for å lære seg dette.

Autistar kan også ha vanskar med å hugse symbol, spesielt gjeld dette autistar med alvorleg mental retardasjon. Men gjentakning og repetisjon vil føre til gjenkjenning (Grindheim mfl, 1991). Dette vil vere meir problematisk ved bruk av teiknspråk sidan det er fleire teikn å halde styr på. Det vil vere lettare å hugse piktogram sidan dette systemet ikkje består av så mange teikn.

Autistar har vanskar med å forstå samanheng når det gjeld gjenstandar. Dersom ein lærer inn piktogrammet ”spise” vil autisten ha vanskar med å lære seg ulike måltid. Frukost, middag og lunsj vil vere vanskelig å forstå for ein autist. Kva er då ”spise”? Er det ikkje det same? Det er derfor til fordel for teiknspråk sidan det er fleire teikn, ein har både teikn for frukost, middag og lunsj. Piktogram har berre teiknet ”spise”. Ved bruk av piktogram må ein kunne sjå samanhengen fordi det ikkje er heilt konkret. Teiknspråk er meir spesifikt og det har fleire teikn enn det piktogram har. Derfor vil det vere lettare for ein autist å kommunisere med teiknspråk, dei brukar teikn for det dei vil formidle og ikkje berre eit piktogram som kanskje ikkje viser alt dei vil ha fram.

Nokre teikn i piktogramspråket er altfor generelle. Eit piktogram viser ”mat” eller ”drikke”. Med dette kan ein ikkje vite kva mat eller drikke vedkommande vil ha (Marcussen, 1998). Ein må derfor spørje, ”er det saft du vil ha?” eller ”er det brus du vil ha”. Her vil autisten på same måte ikkje kunne sjå samanhengen. Ved teiknspråk har ein ofte forskjellige teikn på kvar enkelt gjenstand, ein har eige teikn for saft og brus.

6.2 Begrensa interesseområde i forhold til kommunikasjonstrening

Autistar har begrensa interesseområde og dette må ein ta hensyn til i kommunikasjonen. Med teiknspråk kan teikn falle bort. Ein grunn til dette kan vere at teiknet har avgrensa bruksområde og autisten mistar motivasjonen for å fortsette å utføre det. Døme kan vere at ein har eit teikn for ei interesse som autisten likar og teiknet blir berre brukt i den samanhengen. Dersom autisten mistar denne interessea vil også teiknet etter kvart falle bort. For å motvirke dette er det viktig å allereie frå starten av planlegge breidast mogleg bruksområde. Det er viktig at autisten føler nytte og glede av å bruke teiknet. Dersom teiknet byrjar å falle bort kan

ein finne nye situasjonar som teiknet kan bli brukt i (Martinsen og Siverts, 1990). Det same kan gjelde piktogram. Dersom eit bilete blir lite brukt vil det etter kvart falle bort og autisten vil gløyme tydinga av piktogrammet. Ein autist likar å sykle. Etter kvart mistar han interesse for denne aktiviteten. Derfor blir bruken av piktogrammet ”sykle” forsvinne. Teiknet vil då bli gløymt dersom piktogrammet ikkje blir brukt på lang tid. Men viss ein har gløymt teiknet vil det vere lettare å hugse det ved piktogram fordi det er meir sjølvforklarande enn det teiknspråk er.

Når det gjeld å kommunisere om særinteresser som autistar har vil det vere enklare med bruk av teiknspråk. Grunnen til det er at teiknspråk har fleire teikn og det vil derfor vere større utvalg av teikn for dei særinteressene autisten har. Teiknet å snurre rundt og rundt eksisterar ikkje i piktogramspråket medan teiknspråk har teikn for dette.

6.3 Kommunikasjonsvanskar hjå autistar i forhold til kommunikasjonstrening

Det krev god oppmerksomhet for å lære teiknspråk. Som nemnt tidlegare er autistar fjerne frå omverda og dei har lite blikkontakt. Når ein skal lære seg teiknspråk må ein ha kontakt med den som lærer frå seg for å ta etter det personen viser. Det blir meir nært mellom autisten og den som lærer frå seg sidan ein må ha blikkontakt for å kunne lære seg teikna. Dette blir vanskeleg for ein autist, dei har lite eller ingen blikkontakt i det heile. Viss dei i tillegg er fjerne frå omverda kan det vere vanskeleg å få merksemd, og ein vil kanskje bruke lengre tid på å lære seg dette hjelpemiddelet. Dette vil også gjelde for læring av piktogram, men sidan teiknspråk krev meir oppmerksomheit for å lære gjeld dette problemet spesielt teiknspråk.

Eit problem som kan oppstå ved bruk av teiknspråk er noko som vert kalla ”tegnsalat”. Det kan oppstå fordi autistar er fjerne frå omverda. Tegnsalat vil seie at personen brukar alle teikna dei har lært i staden for å bruke eitt og eitt teikn. Dei byrjar med eit teikn og deretter fortsett med repertoaret. Det viser seg ofte at dei som brukar teiknsalat er utålmodige og har vanskar med å beskjeftige seg med noko over lengre tid. Det vil seie at dei forventar eit umiddelbart svar på det første teiknet. Det kan føre til forvirring. Dersom ein får svar på det første teiknet kan det svaret komme medan autisten utførte det andre teiknet. Det kan føre til misforståing og autisten vil bytte om tydinga av teiknet. Det same kan gjelde piktogram. Dersom ein autist har lyst på biltur og han er veldig utålmodig kan han vise mange piktogram samtidig som andre aktivitetar i tillegg til biltur (Martinsen og Siverts, 1990).

Ekspressiv gestus er vanskeleg for autistar å forstå. Dette er til fordel for piktogram. Teiknspråk består av gester og kroppsspråk og det vil vere vanskelegare å forstå for ein autist. Dømet med at autistar har problem med å forstå kjensler vil gå ut over teiknspråk fordi ein vil bruke gester for å formidle kjensler med kroppen. Eit piktogram viser bilete av følelsar, til dømes eit hjerte viss ein er glad i nokon. Autisten vil ha lettare for å forstå eit bilete enn kroppsspråket som blir brukt i teiknspråk. Piktogram vil her vere lettare i forhold til kommunikasjonstrening for autistar utan verbalt språk.

Det med at autistar tar alt bokstaveleg kan gå ut over kommunikasjonstrening. Her har teiknspråket sine fordelar. Teiknspråk har meir eksakte teikn og fleire teikn å kommunisere med. Det vil vise seg på same måte som det å kunne sjå samanhengar. Piktogrammet ”spise” kan både vere frokost, lunsj eller middag, det seier ikkje noko om kva mat ein skal ete.

7.0 KORLEIS FUNGERAR PIKTOGRAM OG TEIKNSPRÅK UTIFRÅ KVA SOM ER VIKTIG FOR Å FÅ EIN GOD KOMMUNIKASJON

Det er fleire kriteriar som spelar inn for at budskapet mellom sendar og mottakar skal bli forstått. I forhold til piktogram og teiknspråk sviktar nokre av desse kriteriane for at autistar utan språk skal kunne få ei best mogleg kommunikasjonstrening. Mottakar forstår ikkje om sendar har hensikt i å kommunisere, kva hensikt kommunikasjonen har, budskapet blir ikkje forstått, ein har forskjellig kommunikasjonsform og vanskeleg med bearbeiding av budskapet. Desse vil vere med på å vurdere om piktogram eller teiknspråk er hensiktsmessig i kommunikasjonstrening i forhold til autistar utan språk.

7.1 Sendar får formidle budskapet

Det går fortare å lære piktogram for autistar enn det er å lære teiknspråk. Gransking viser at ein autist kan lære seg 5-10 teikn i løpet av eit år mens med piktogram lærer ein fleire teikn enn det. Piktogram er eit konkret hjelpemiddel, piktogrammet viser bilete av kva det vil formidle (Tetzcher og Martinsen, 2002). Teiknet ”bil” vil vere bilete av ein bil. Det er ikkje like god samaheng mellom teikn og dens tyding når det gjeld teiknspråk. Teiknet ”mamma” viser ein med å dra peikefingen over panna.

Piktogram har ikkje bilete av personar andre enn mor, far, bror osv. Personal og lærar er det ikkje piktogram på. Etter eigne erfaringar frå praksis var det fleire som ved hjelp av teiknspråk hadde eigne teikn på personalet. Teiknet treng ikkje ha samheng med namnet.

Med dette får ikkje sendaren formidle det budskapet han vil. Det er eit personleg teikn som autisten sjølv har funne og han sjølv forbinder med personen. Dette er ein fordel for teiknspråk i forhold til piktogram. Ei løysing på piktogram er å ta bilete av personalet og lage eit piktogram ut av dette. Det vil kunne hjelpe på strukturen og oversikten som autisten er avhengig av. Dei ville kunne sjå kven som kjem på jobb eller kva lærar dei skal ha.

På den andre sida kan teiknspråk vere meir praktisk enn piktogram. For å kunne kommunisere med piktogram må ein ha det med seg der ein er. Det finst rett nok bøker der ein kan feste piktogram inni, men då er ein avhengig av å hugse å ta denne med seg kor ein enn går. Ein får ikkje formidle budskapet utan at piktogramma er med. Det kan også vere lett å gløyme å ta med seg piktogram. Teiknspråk vil vere tilgjengeleg uansett kvar ein er for der brukar ein berre hendene (Gundersen og Moynahan, 1994).

7.2 Mottakar skjønner budskapet

Med piktogram viser det seg i større grad at mottakar skjønner budskapet. Dette er viktig for å få ein god kommunikasjon.

Det at sendaren brukar ei anna form som mottakaren ikkje forstår vil vise seg når det gjeld personalet rundt ein autist som nyttar teiknspråk. Teiknspråk krev at personalet kan teikn frå før for at personalet skal kunne lære seg å kommunisere med autisten (Gundersen og Moynahan, 1994). Når ein nyttilsett tek til å jobbe med ein autist som nyttar teiknspråk, krev det at han kan teiknspråk, elles vil dei ikkje kunne kommunisere saman i starten. Å lære teiknspråk tek tid medan piktogram er enklare å lære seg då det er direkte og det står på piktogrammet kva biletet tyder. Som kommunikasjonsmodellen viser er det viktig at mottakar forstår teiknet. Når det gjeld fortgang i læring av piktogram i forhold til teiknspråk er piktogram ein betre kommunikasjonstrening enn det teiknspråk er.

Piktogram har ikkje grammatikk, noko som kan føre til problem. Sei ein autistisk gut vil gå på butikken. Han vil anten seie "Eg skal gå til butikken" eller han vil fortelje "Eg gjekk på butikken". Det einaste piktogrammet ein har på dette er "Å gå". Han vil derfor ikkje kunne formidle om han vil gå på butikken eller om han gjekk på butikken. Personen som autisten formidlar dette til vil ikkje kunne forstå budskapet i det han fortel (Lidèn, 1999).

Teiknspråk, derimot, har meir grammatikk i seg enn piktogram. Det finst teikn for både "gå" og "gjekk" og av den grunn vil det vere lettare å formidle med teiknspråk, det er eit vidare spekter på språket.

Homonymer er eit problem som oppstår i piktogramspråket. Homonymer vil seie eit ord eller omgrep som kan vere fleire ting (Lidèn, 1999). Det at piktogram kan ha fleire tydingar kan bli eit problem for kommunikasjonen og forståinga av piktogrammet. Piktogrammet viser "bygge". Kva er det ein skal bygge? Meiner ein å bygge med klossar? Sendaren sitt budskap vil ikkje bli forstått av mottakaren. Ein må derfor bruke fleire piktogram samstundes. Dette kan føre til forvirringar dersom autisten ikkje er vand med å bruke fleire piktogram samstundes for å kunne formidle noko. Teiknspråk har teikn på dei fleste orda. Dei orda som ikkje har eige teikn blir stava ved hjelp av teikn til kvar bokstav. Det vil mest sannsynleg vere for avansert for ein autist å lære seg alle teikna og i tillegg til alle teikna på bokstavar sidan dei berre klarar å tilegne seg 5-10 teikn i løpet av eit år. Men likevel vil dei kunne klare å lære seg teikn som "bygge" og "klossar" og dei vil kunne bruke desse teikna i samanheng. Med teiknspråk brukar ein teikn om ein anna for å formidle noko. Derfor vil dette vere innlært, det å bruke to teikn samstundes.

Eit problem som kan oppstå med teiknspråk er at etter kvart som teikn blir brukt over tid kan det føre til meir unøyaktighet. Ein slurvar med teiknet fordi teiknet blir så mykje brukt at autisten vil tenke at personar skjønner teiknet uansett. Det vil bli ufullstendig og det kan føre til at teiknet blir vanskeligare å oppfatte for mottakar (Martinsen og Siverts, 1990).

Det som kan vere negativt med teiknspråk er at det lett kan oppstå misforståingar. Teiknet kan bli vist upresist eller det kan bli forveksla med naturlege rørsle som ikkje er meint som kommunikasjon. Mottakaren forstår ikkje om sendaren har til hensikt å kommunisere. Det vil ikkje oppstå slike problem med piktogram av den grunn at det er eit konkret bilete og mottakaren skjønner at sendaren prøver å kommunisere når ein viser fram biletet.

Som nemnt tidlegare krev det god merksemd for å forstå teiknspråk. Dette kan vere vanskeleg til tider sidan eit teikn berre varer i kort tid. Ein vil då kanskje ikkje få med seg teiknet dersom ein ikkje er merksam. Det vil bli vanskeleg for mottakaren å bearbeide budskapet. Eit piktogram blir vist over lengre tid før det blir tatt vekk.

Sidan piktogram er så konkret kan det dukke opp problem med at mottakaren ikkje forstår kva hensikt sendaren sin kommunikasjon har. Eit piktogram viser "bil". Vil dette seie at ein skal på biltur eller vil det seie at ein får besøk av nokon som kjem i bil? Det kan vere vanskeleg for ein autist å formidle dette med eit piktogram. Teiknspråk har som nemnt tidlegare fleire teikn

og dette vil derfor vere til fordel for teiknspråk i kommunikasjontrening for autistar utan verbalt språk.

Det er ikkje alltid mottakaren forstår kva hensikt sendaren sin kommunikasjon har.

Eit av problema som kan oppstå ved kommunikasjon er at mottakar får for mange bodskap på ein gang. Dette kan vise seg ved bruk av teiknspråk. Viss det blir for mange teikn på ein gong kan dette føre til at mottakar ikkje oppfattar alle teikna. Med piktogram legge ein biletet fram og ein får tid til å sjå på dette og ein kan bruke så lang tid ein vil på å kunne tolke kva piktogrammet seier. Dersom det er fleire piktogram framme, vil ein kunne bruke tid på å tolke alle piktogramma.

8.0 OPPSUMMERING

I denne oppgåva har eg belyst temaet autisme og kommunikasjon. Eg har valgt å ta fatt i problemstillinga ”Korleis fungerer piktogram i forhold til teiknspråk i kommunikasjontrening for autistar utan verbalt språk?”

Både piktogram og teiknspråk har positive og negative sider med seg når det gjeld kommunikasjontrening i forhold til autistar utan verbalt språk. I dag er det piktogram som er mest brukt medan teiknspråk blir meir og meir brukt i forhold til autistar utan verbalt språk.

Piktogram er med på å strukturere livet for autistar. Struktur er viktig for personar med denne diagnosen. Piktogram er også ein fordel fordi det er lett å lære. Med teiknspråk må ein imitere og ha blikkontakt og dette er eit problem for autistar. Det at autistar er fjerne frå omverda vil også gå utover dette.

Ved teiknspråk er det lettare å kunne sjå samanheng enn det vil vere med piktogram. Sidan piktogram er så konkret krev det at ein må kunne sjå samanheng rundt det piktogrammet viser. Eit piktogram viser ”spise” og viser ikkje frukost, middag eller lunsj. Autisten må då kunne sjå samanhengen rundt piktogrammet for å kunne kommunisere. Teiknspråk har fleire teikn og det vil av den grunn vere lettare å kommunisere og å forstå samanhengen.

Autistar har lett for å ta alt bokstaveleg. Då har teiknspråk den fordel at det har fleire teikn og ein vil kunne sjå samanhengen betre enn ved bruk av piktogram.

Sidan autistar har særinteresser for gjenstandar eller aktivitetar, vil slike ting vere lettare å kommunisere med teiknspråk. Det er fordi teiknspråk har meir teikn enn piktogram og det vil vere vanskeleg å finne teikn for desse særinteressene i piktogramspråket.

Autistar har vanskar med å forstå gester og dermed er piktogram meir lettfattelege. Ein brukar ikkje kroppsspråk ved bruk av piktogram mens teiknspråk består av mykje kroppsspråk og bruk av hendene. Derfor vil det vere vanskelegare for ein autist å kunne forstå teiknspråk. Det krev fleire dugleikar for å lære seg teiknspråk og det vil gå lengre tid å lære seg teiknspråk enn å lære seg piktogram.

Det er enklare for ein autist å lære piktogram enn å lære teiknspråk. Det er også lettare for støttepersonar rundt autistar å lære seg piktogram. Teiknspråk kan føre til unøyaktighet fordi ein kan byrje å sløse med teiknet etter kvart som det blir mykje brukt. Det skjer i mindre grad ved bruk av piktogram. Piktogram er konkret og det vil vere enklare å forstå enn teiknspråk. Piktogram er realistiske bilete av det teiknet tyder. Teiknspråk er handteikn som ikkje alltid er like konkrete og sjølvsegte å forstå.

Teiknspråk er meir praktisk enn piktogram. Piktogram må ein ta med seg overalt for å kunne formidle noko, og ein må alltid ha piktogram tilgjengeleg. Teiknspråk har ein med seg overalt sidan ein berre brukar kroppen til å kommunisere med.

Teiknspråk har også meir grammatikk og det vil av den grunn vere lettare å formidle budskapet enn det er med piktogram.

Det er vanskeleg å seie kva som er best av piktogram og teiknspråk i kommunikasjonstrening i forhold til autistar utan språk. Men ser ein på oppsummering av teiknspråk og piktogram ser det ut som at piktogram er det som har flest fordelar. Det er lettare å lære seg både for autistar og personale sidan det er så konkret, det gir god struktur i kvardagen og det er lettare å hugse teikna sidan bileta er så realistiske i forhold til røynda. Det er mykje positivt med teiknspråk også, men det er vanskelegare å lære seg dette språket for ein autist. Som nemnt tidlegare består teiknspråk av mange fleire teikn enn piktogram. Lærer ein seg først teiknspråk er det mange fordelar med det sidan dette språket har fleire teikn. Men ein må tenke på kva som vil vere mest effektivt å lære ein autist, og det vil etter den informasjonen som er kome fram i

denne oppgåva vere piktogram. Det er også det som er mest brukt og det er nok fordi det er ein oversiktleg og enkel kommunikasjonsform for autistar.

9.0 VIDARE PROGRESJON FOR TEIKNSPRÅK OG PIKTOGRAM

Eg kom fram til ein konklusjon der piktogram er meir hensiktsmessig i kommunikasjonstrening i forhold til teiknspråk. Teiknspråk er nytt i forhold til autistar men det blir brukt meir og meir. Derfor ligg det framleis meir gransking rundt trening av teiknspråk for autistar. Fagpersonal vil lære meir om teiknspråk etter kvart som det blir brukt. Det fører til at ein kan utvikle dette og ein kan bearbeide treningsmetodar rundt språket. Piktogram har blitt prøvd ut i mange år og ein veit derfor korleis dette fungerer på best mogleg måte. Kanskje om nokre år vil teiknspråk vere like effektivt og populært som piktogram. Med teiknspråk kan ein formidle meir sidan det er fleire teikn og det er derfor ein god kommunikasjonsform. Teiknspråket er ”rikare”, og kan gi autisten ein betre kvardag.

Piktogram vil også utvikle seg meir og meir og det vil mest truleg komme fleire teikn slik at kommunikasjonen blir betra. Det er i dag ca 1200 piktogram og antalet vil mest truleg auke i løpet av dei neste åra etter kvart som behovet for nye teikn dukkar opp.

Det vil ikkje seie at det er piktogram som er den beste kommunikasjonsforma for alle autistar. Den individuelle forskjellen hjå autistar er stor. Det er viktig å ha fokus på at det ikkje berre er ein opplæringsmåte eller ein form for kommunikasjon, ein må tilrettelegge for den enkelte av den grunn at det er så stor forskjell på autistar. Det er viktig at dei sjølve får velje, det vil seie å fortsette undervisninga der det viser seg å ha størst framgang. Ein bør prøve ut ulike hjelpemiddel for å kunne sjå kva den enkelte autist vil få best utbytte av (Martinsen og Siverts, 1990). For nokre vil piktogram vere den beste kommunikasjonsforma, for andre vil teiknspråk vere den beste.

*”Den virkeligt vise
er den, som formår
at forstå også den,
som han ikkje forstår”*

-Piet Hein-

Litteraturliste

Bråte, Stein (2004) *Kommunikasjon og samspel – frå fødsel til alderdom*, Universitetsforlaget, Oslo

Bø, Inge og Helle, Lars (2002) *Pedagogisk ordbok – praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*, Universitetsforlaget, Oslo

Eide, Hilde og Eide, Tom (2000) *Kommunikasjon i relasjon – Samhandling, konfliktløsning, etikk*, Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo

Grindheim, Elisabeth, Hof, Siw, Lien, Tage, Martinsen, Harald, Romhus, Sidsel Steensen, Elsa og Storvik, Sylvi (1991) *Autismeprogrammet – Alternativ Kommunikasjon I, Sosial-og helsedepartementen, Kyrkje-utdannings-og forskningsdepartementet*, Universitetet i Oslo, Institutt for spesialpedagogikk, Oslo

Gundersen, K. Og Moynahan, L. (1994) *Feilkilder i kommunikasjonsprosessen*, Haugtussa forlag, Nærbø

Helgheim, Marit, Myklebust, Arne og Sandnes, Steinar (1988) *Kommunikasjon med tegn - Innføring i kommunikasjon med tegnstøtte*, Døves Forlag, Bergen

Jacobsen, Dag Ingvar (2000) *Hvordan gjennomføre en undersøkelse? – Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*, Høyskoleforlaget, Kristiansand

Kaland, Nils (2004), *Autisme og Asbergers syndrom – "Theory of mind", kommunikasjon og pedagogisk perspektiver*, Universitetsforlaget, Oslo

Lidèn, Manne (1999) *Grafisk design av pictogram – Synspunkter och forslag kring utformning och syntax*, Sverige

Lindskog, Bengt (1998) *Universitetsforlagets store medisinske ordbok*, Universitetsforlaget, Oslo

Marcussen, Irene (1996) *Pige hvor? – Totalkommunikation med vøgt på piktogrammer*, Videnscenter om Børn og Unge med Multihandicap uden Verbalt Sprog, Virum

Martinsen, Harald og Siverts, Brit Eli (1990) *Tegntrening og kommunikasjon – oppløring av autister og andre språksvake mennesker*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo

Sivertsen, Bodil (1989) *Å undervise autistiske barn og voksne*, Universitetsforlaget AS, Oslo

Peeters, Theo (1999) *Autisme – Fra teoretisk forståelse til pedagogisk praksis*, Videnscenter for autisme, Virum

Pictogram Veiledning (1993), Aventura, Oslo

Robinson, Andrew (1996), *Skriftens historie*, Oslo, Grøndahl Dreyer

Tetzchner, Stephen von og Martinsen, Harald (2002) – *Alternativ og supplerende kommunikasjon – En innføring i tegnspråkopplæring og bruk av kommunikasjonshjelpemidler for mennesker med språk- og kommunikasjonsvansker*, Gyldendal Akademisk, Oslo

Offentleg publikasjon:

www.autismeforeningen.no

(Besøkt 25. januar 2006 kl 13.40)

www.pictogram.no

(Besøkt 19.januar 2006 kl 09.35)

www.pictogram.se/index.php?lang=sv

(Besøkt 2.februar 2006 kl 12.15)

www.pecs.org.uk/html.norway.asp

(Besøkt 10.januar 2006 kl 12.20)

Vedlegg 2:

DEN LINEÆRE KOMMUNIKASJONSMODELL

